

ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

REGLAR FOR UMLEIGE AV SKULELOKALE OG SYMJEBASSENG I ØRSKOG KOMMUNE

VEDTEKE AV ØRSKOG KOMMUNESTYRE 29 NOVEMBER 2018

Gjeld i 2019, - eller fram til nytt reglement for nye Ålesund er vedteke.

ANNONSERING, SØKNADSPROSEDYRE OG AVGEJRD PÅ SØKNAD

Etter annonsering på Ørskog kommune si heimeside og i Bygdebladet skal det søkjast elektronisk på kommunen si heimeside.

All utleige vert gjort administrativt, - av rektor ved Ørskog skule, utifrå reglementet. Slik utleige kan avtalast for eit halvår om gangen.

Administrative vedtak om tildeling er ikkje einskildtvedtak etter Forvaltningslova, og kan såleis ikkje påklagast.

SØKNAD OM FASTE TRENINGS/ØVINGSTIDER

Vedtak om fast tildeling av treningstider i symjebassenget, fast leige av møterom og fast leige av øvingslokale vert gjort for utleigeperiodane

02.01 2019. – 15.05.2019 og 01.09.2019 – 15.12.2019

Utleigetida er mellom kl. 17.00 og kl. 21:30. (Lokala skal vere avlåste innan kl 22:00)

Ved tildeling av trenings-/øvings-/møte-tider skal lag og organisasjonar som driv aktivitetar for barn og unge prioriterast. Tildeling skjer etter følgjande prioritering:

1. Aktivitetar i regi av skulen og skulen sine rådsorgan
2. Lag og organisasjonar med deltakarar for barn/unge under 18 år frå Ørskog
3. Lag og organisasjonar med deltakarar over 18 år frå Ørskog
4. Lag og organisasjonar med deltakarar for barn/unge under 18 år utanom Ørskog
5. Lag og organisasjonar med deltakarar over 18 år utanom Ørskog
6. Privatpersonar som driv eigenaktivitet for vaksne

SØKNAD OM EINSKILDTUTLEIGE


Rektor avgjer avgrensingar i utleige av klasserom/undervisningsareal/spesialrom.

Ingen kan stengast ute frå leige av skulen sine lokale av religiøse eller politiske grunnar.

Betalingspliktig utleige skal innkrevjast etter gjeldande rutinar for dette.

UTLÅN AV SKULEN SITT INVENTAR OG LÆREMIDDEL

Skulen sitt inventar og læremiddel kan ikkje disponerast i samband med utleige, - utan at det ligg føre avtale om dette. Når rektor finn det forsvarleg, kan han låne ut skolen sine læremiddel til bruk i skolen sine lokale så sant det blir handtert av ein kyndig person.



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

Inventar og læremiddel kan ikkje lånast ut til bruk utanfor skulen utan at det ligg føre særleg løyve frå rektor.

UTLEIGE TIL SKULEFORMÅL ELLER KOMMUNALE FORMÅL SKAL PRIORITERAST

Bruk av skulen sine lokale utanfor skuletida må ikkje føre med seg ulemper for den vanlege undervisninga.

Dersom symjebassenget eller skulelokala skal brukast til skuleformål eller andre kommunale formål, må eventuelle leigetakarar vike plass.

Leiinga ved skulen må gi melding til vedkomande leigetakar i god tid.

KRAV TIL SØKNADAR OM LEIGE

Føresetnaden for all utleige er at leigetakar etablerer forsvarleg tilsyn.

Søknadar om leige må opplyse om formålet med leiga, tidspunkt og varigheit, samt namn og adresse på den/dei ansvarlege.

Eit leigeforhold er ikkje gyldig ut over det arrangementet det er søkt om, og aldri lenger enn ut skulehalvåret.

Det skal alltid skrivast kontrakt ved utleigeforhold. Kontrakten skal omfatte kva lokale utleigeforholdet gjeld for, tidsrom for utleige, ansvarlege for ut- og innkvitterte nøklar, tilsyn og reinhald.

Ved signering av leigeforhold skal rektor også gje informasjon om kven leigetakaren skal vende seg til, dersom det oppstår uføresette situasjonar som krev strakstiltak for å ta i vare bygningar.

Oppseiing av signerte avtalar skjer skriftleg til Ørskog skule - med 1 månads varsel.

LEIGETAKARAR MÅ RETTE SEG ETTER SKULEN SINE REGLEMENT


Røyking og bruk av alkohol på skulen sitt område er ikkje tillate.

Når det gjeld orden i og omkring skulen i samband med ulike arrangement, viser ein til skulen sine reglement, samt til gjeldande lovverk m/forskrifter.

ANSVARSFORHOLD VED SKADE PÅ BYGNINGAR ELLER INVENTAR

Leigetakarane må behandle skulen sin eigedom på ein forsvarleg måte. All skade (unntatt brannskade på lokale og utstyr) som oppstår i samband med bruk av lokala, skal erstattast av leigetakarane.

Når det hastar, skal leigetakar varsle slik at ein snarast kan få utført nødvendige reparasjonar. Desse blir utført for den aktuelle leigetakar si rekning dersom skaden skuldast forhold som leigetakar kan lastast for. Bruk av skotøy som kan øydelegge golva er ikkje tillate i skulen sine lokale. Det skal alltid brukast innesko eller «Blåsokkar» utanpå skoa.



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

TILGANG TIL SKULEN SINE LOKALE

Ingen skal få tilgang til lokala utan at den ansvarlege for leigetakaren eller ansvarleg instruktør/lærer er til stades.

Barnegrupper (under 18 år) skal alltid ha vaksne leiarar. Ved bruk av symjebassenget skal det vere to vaksne leiarar. Minst ein av disse skal kunne livredning.

Rektor kan la ein leigetakar, under trygge vilkår, få disponere nøkkelkort til skulen.

Nøkkelkortet må eventuelt leverast inn straks leigeforholdet er avslutta. Utlevering av nøkkelkort skal alltid skje mot kvittering på fastsett kontraktskjema.

KRAV TIL ANSVARSHAVANDE VED UTLEIGE

AV SYMJEBASSENGET

- Leigetakarane er forplikta til å rette seg etter dei hygieniske forskriftene og det spesielle reglementet knytt til bassenget.
- Ansvarshavande skal sørge for tilstrekkeleg tilsyn og at der alltid er minst ein person med godkjend livredningsprøve tilstades.
- Ansvarshavande har ansvar for at treninga går føre seg i ro og orden.
- Ansvarshavande skal sørge for at eventuelle skader på utstyr og liknande straks blir melde i tråd med rutinar som er avtalt for dette.
- Ansvarshavande skal sjå til at symjebassenget og garderobene er ryddige når treninga er avslutta.

AV ANDRE ROM

- Ansvarleg leiar skal alltid vere til stades når lokala er i bruk. Bøker, digitalt og teknisk utstyr, samt anna materiale som er elevane sitt, skal ikkje "røyvast".
- Ansvarshavande skal sørge for at skulen sine eigedelar blir tatt hand om på ein forsvarleg måte, og at eventuelle skader straks blir melde i tråd med rutinar som er avtalt for dette.
- Leigetakar har ansvar for at rommet er ryddig når samlinga er slutt.

REINGJERING AV LOKALE ETTER UTLEIGE


Reinhald og utlufting av lokale som blir brukt etter vanleg skuletid, skal gå føre seg på ein tilfredsstillande måte i samsvar med gjeldande rutinar / forskrifter, og så vidt mogleg gjennomførast av skulen sitt faste reingjeringspersonale.

Dersom det viser seg at ekstra reingjering i samband med leigeforhold ikkje kan utførast av det faste reingjeringspersonalet, kan leiinga ved skulen skaffe reinhaldarar.

Utgifter til ekstra reinhald må betalast av aktuell leigetakar.

VEDERLAGSFRI LEIGE

I tillegg til reine skuleformål, kan skulelokale på utleigedagar nyttast vederlagsfritt til:



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

- Opplæringstiltak som fell inn under Lov om vaksenopplæring.
- Aktivitetar for skulen sine elevar i regi av skulane eller skulen sine organ som eit ledd i eit fritidstilbod for elevane.
- Aktivitetar for funksjonshemma.
- Aktivitetar for barn og unge
- Også ved vederlagsfri leige skal leigetakar betale for ekstra kostnader knytt til tilsyn og reinhald. Dette skjer på bakgrunn av innsendt dokumentasjon og kommunal fakturering.

TILDELING AV FAST BRUKSTID I ROM UTENOM SYMJEBASSENGET

Rektor kan tildele skulekorps, skulekor, lag og organisasjonar som har nær tilknytning til skulen, fast brukstid i rom utanom symjebassenget.

Lag og organisasjonar som ikkje kjem inn under punktet om "Vederlagsfri leige", betalar leige i samsvar med gjeldande betalingsregulativ.

FASTSETJING AV BETALINGSREGULATIV

I dei tilfelle lokala ikkje blir stilt til fri disposisjon, skal det betalast halvårsavgift eller leige etter satsar og retningslinjer vedtekne av Ørskog kommunestyre.

UTBETALING AV LØN FOR REINHOLD OG TILSYN

Godtgjering til arbeidstakarar for tilsyn og reinhald skjer i samsvar med gjeldande løns- og arbeidsavtaler - utifrå utfylte timelister.


INNBETALING AV ÅRSAVGIFT OG LEIGE

Utfakturering av fast utleige skjer ved økonomiavdelinga. Leige vert utfakturert to gonger pr. leigesesong- haust og vår.

Tilfeldig utleige skal innrapporterast til økonomiavdelinga månadleg.

MISLEGHOLD AV UTLEIGEREGLANE OG ANDRE BESTEMMELSAR

Leigetakar som ikkje rettar seg etter gjeldande reglar og avtalar, kan omgåande verte fråteken retten til å bruke skulelokala. Avgjerda vert teken av rådmannen, etter at vedkomande lag/ansvarshavande har fått høve til å uttale seg.



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

UTLEIGETAKSTAR – GRUPPER LEIGETAKARAR

Gruppe 1.

- Grupper med fritidsaktivitetar som vert drivne av skulen sine rådsorgan.
- Foreldremøte, personalmøte, elevtilstellingar, trening for skulen sine tilsette.
- Grupper med fritidsaktivitetar for barn og unge opp til 18 år som vert drivne av lag og organisasjonar i Ørskog.

Gruppe 2.

- Grupper med fritidsaktivitetar som vert drivne av lag og organisasjonar utanfor Ørskog.

Gruppe 3.

- Grupper med fritidsaktivitetar for personar over 18 år som vert drivne av lag og organisasjonar i Ørskog.

Gruppe 4.

- Grupper med fritidsaktivitetar for vaksne som vert drivne av lag og organisasjonar utanfor Ørskog.

I tillegg gjeld at aktivitet som mottek offentleg støtte etter vaksenopplæringslova § har rett til å låne offentlege lokale vederlagsfritt.

Og at personar som driv kommersiell verksemd, skal betale 10% av inntektene i tillegg til leige og utgifter til reinhald, tilsyn og vaktmeistertjenester.